



## KM 13/18 Framtidig organisering av Kirkelig utdanningscenter i nord (KUN)

### Kyrkjemøtekomiteen sine merknadar

Komiteen legg til grunn saksorienteringa, og har følgjande merknadar

1. Komiteen viser til KM sak 08/17, med tilhøyrande merknadar. Komiten ynskjer igjen å undertreke kor viktig det er å oppretthalde eit praktisk-kyrkjeleg utdanningstilbod i Nord-Norge. Etter komitéen si oppfatning har KUN ei sentral rolle i rekruttering av kyrkjelege profesjonar, særleg til dei nordlege områda.
2. Komitéen er tilfreds med at ein no ser ut til å ha funne ei organisasjonsform som er berekraftig for framtida. Komitéen føreset at Kyrkjemøtet yter tilfredsstillande økonomiske bidrag, så rammevilkåra er slik at både studie- og fagtilbodet vert sikra, i tillegg til studie- og fagmiljø.
3. Komiteen peikar på den særlege nordnorske konteksten KUN verkar i. Komiteen uttrykker at det er sær viktig å vidareføre nordnorsk fokus og perspektiv, ikkje minst det samiske og kvenske.

### Kyrkjemøtet sitt vedtak

1. Kyrkjemøtet gir Kyrkjerådet fullmakt til ei verksemdsoverdraging av KUN frå Den norske kyrkja til VID vitenskapelege høgskole.
2. Kyrkjemøtet opphevar, i samband med dette, dagens reglar for Kirkelig utdanningscenter nord / Girkolaš Oahpahušguovddáš Davvin med verknad frå den tid Kyrkjerådet fastset.
3. Kyrkjemøtet føreset, og ser det som verdifullt for Den norske kyrkja at drifta ved KUN blir ført vidare på linje med drifta i dag, for å sikre eit særleg tilbod til dei nordlege landsdelane.
4. Kyrkjemøtet har ein intensjon om inntil vidare å gi senteret eit tilskot til vidare drift. Tilskotet blir gitt under desse føresetnadene:
  - Overtakande part får ansvaret for, anten direkte eller gjennom avtalar med andre akkrediterte institusjonar, å gi studiepoenggivande praktisk-kyrkjeleg utdanning etter NOKUT-standardar og etter dei utdanningskrava Den norske kyrkja stiller til prest, kateket, diakon og kantor.
  - Studietilbodet skal ha utgangspunkt i ein lokalitet i Tromsø. Fagmiljøet i Tromsø skal ikkje reduserast.
  - Studietilbodet skal utformast på ein måte som også gjer det mogleg å ta utdanninga på deltid.
  - Studietilbodet skal vidareføre fokus på nordnorsk kontekst og på samiske og kvenske perspektiv.